

FYLKESMANNEN I HORDALAND

**OPPLÆRING INNANFOR KRIMINALOMSORGA**  
Tilstandsrapport

2013

## Føreord

Kvart år utarbeider Fylkesmannen i Hordaland ein samla nasjonal tilstandsrapport som gjeld opplæringa innanfor kriminalomsorga. Rapporten for 2013 er basert på rapportering og oppsummeringar frå skulane som har ansvar for opplæringa. Rapporten omtalar og ulike sider ved innsatsen som totalt sett følgjer opp Stortingsmelding nr 27. (2004 -2005) og er eit viktig ledd i den systematiske resultatoppfølginga av dette området.

I dag blir det gitt tilbod om opplæring ved alle fengsla som skal har skule knytt til seg. Dei siste åra har det vore fokusert på å auke omfanget av yrkesretta utdanning, og over halvparten av elevane tek del i slik opplæring. Det er positivt å merke seg at fleire skular legg til rette for korte, arbeidskvalifiserande kurs som gir kompetanse for arbeidslivet.

Dei som får opplæring i fengsel har rett til opplæring i digitale ferdigheiter på lik linje med andre elevar. Den nasjonale ikt løysinga for sektoren skal bidra til å sikre denne retten. I løpet av 2013 fekk alle skulane/fengsla ta i bruk denne ikt løysinga.

Tilstandsrapporten for 2013 er delt inn i 3 delar. Del 1 oppsummerer året i tekst og tal. Del 2 viser dei spørsmåla som har vært nytta i rapporteringa. Del 3 viser alle tala frå rapporteringa i 2013 fordelt på region, fylke og skule/institusjon. Heile tilstandsrapporten kan lesast på heimesidene til Fylkesmannen i Hordaland.

Fylkesmannen i Hordaland håper denne rapporten fungerer som eit viktig og relevant innspel i drøftingane omkring opplæringa innanfor kriminalomsorga. Arbeidet med rapporten er gjort av seniorrådgjevarane Paal Chr. Breivik, Terje Røstvær og av rådgjevar Siren Økland Vardøy, Fylkesmannen i Hordaland

Bergen, juli 2014

Anne K. Hjermann  
Utdanningsdirektør

## Innhald

Innleiing.....	4
Om arbeidet ved Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.....	4
Om kriminalomsorga og fangebefolkninga.....	7
Organiseringa av opplæringstilbodet .....	8
Elevar og deltakarar .....	9
Elevar og deltakarar i skuleavdelingane i fengslet.....	10
Elevar og deltakarar i oppfølgingsklassane.....	11
Undervisningslokala og opplæringskapasitet .....	11
Prosjekt TAFU - tilbakeføring gjennom arbeid- fritid og utdanning .....	14
Narkotikaprogram med domstolskontroll .....	16
Ungdomseiningar for barn og unge i bergen og oslo .....	17
Det faglege nettverket.....	18
Opplæringstilbodet innanfor kriminalomsorga .....	19

## Oversyn over tabellar og figurar

### Figurar:

Figur 1 Tal på elevar i gjennomsnitt på 4 teljedatoar (både oppfølging og fengsel) 2008 – 2013 (tal). .....	9
-------------------------------------------------------------------------------------------------------------	---

### Tabellar:

Tabell 1 Talet på elevar i fengsel og oppfølgingsklassar gjeve i totale tal og gjennomsnitt, fordelt etter opplæringstype .....	9
Tabell 2 Registrerte elevar gjennom året i fengsel/skuleavdeling i 2012 og 2013 fordelt etter type opplæring. ....	10
Tabell 3 Talet på elevar i høg-sikkerheitsfengsel gjeve i total tal og gjennomsnitt, fordelt etter opplæringstype.....	10
Tabell 4 Talet på elevar i låg-sikkerheitsfengsel gjeve i total tal og gjennomsnitt, fordelt etter opplæringstype .....	10
Tabell 5 Talet på elevar i oppfølgingsklassar gjeve i total tal og gjennomsnitt, fordelt etter opplæringstype .....	11
Tabell 6 Skulane si vurdering av lokala som vert nytta til opplæring, skuleavdelingar i regionane i 2011, 2012 og 2013. ....	12
Tabell 7 Skulane si vurdering av lokala som vert nytta til opplæring, oppfølgingsklassar, 2011, 2012 og 2013. ....	13

## INNLEIING

Skulane med ansvar for opplæring innan kriminalomsorga skal kvart år rapportere til Fylkesmannen i Hordaland. Rapporteringa skulane gir er ein del av den totale rapporteringa frå Fylkesmannen i Hordaland til Kunnskapsdepartementet og andre samarbeidande partar (jf. overføringsbrevet frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet til Statens Utdanningskontor i Hordaland dagsett 15.10.1993). Delar av rapporteringa frå Fylkesmannen i Hordaland blir oppsummert i denne tilstandsrapporten. Andre delar av den totale rapporteringa finn du på våre heimesider – mellom anna ein interaktiv database med fleire årssett data. Her kan ein sjå utvikling over tid, noko som gir oss kunnskap om utvikling innan feltet og såleis gjer det mogleg å identifisere utfordringar. Dette er eit viktig grunnlag for å setje i gang tiltak med mål om best mogelege opplæringsforhold for dei innsette.

Fylkeskommunane kan av fleire årsaker ikkje dra nytte av sine ordinære system for registrering av elevar og deltakarar som er i opplæring innanfor kriminalomsorga. Dei eksisterande fylkeskommunale systema gjer det mogeleg for uvedkommande å få tilgang til personsensitive data om dei straffedømde, noko som ikkje kan akseptast. Vidare er det utfordrande for dei fylkeskommunale systema at elev- og deltakargrunnlaget innanfor denne sektoren heile tida er i endring. Det er om lag 3650 fengselsplassar og omlag 14000 som sonar i løpet av eit år. Dette lar seg ikkje handtera i det ordinære fylkeskommunale system. Av desse grunnane har det vore naudsynt å bygge opp eit eiga rapporteringssystem for feltet opplæring innanfor kriminalomsorga. Arbeidet blir administrert av Fylkesmannen i Hordaland. Du kan lese meir om dette i del 2 på våre heimesider ([www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland)).

## OM ARBEIDET VED FYLKESMANNEN I HORDALAND, UTDANNINGSAVDELINGA

Fylkesmannen i Hordaland er med verknad frå 01.10.93 delegert ansvaret for dei nasjonale samordnings- og utviklingsoppgåvene for opplæring innanfor kriminalomsorga. Oppgåvene grupperast i desse hovudområda:

- Fordeling av tilskott
- Tilsyn/fagleg kontroll
- Fagleg/pedagogisk oppfølging, forsøks- og utviklingsarbeid
- Internasjonal kontakt

Samarbeidet med kriminalomsorga, både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå, er avgjerande for vårt arbeid på området.

I 1993 blei det gitt undervisning ved 31 av landets 43 anstaltar, og tildelinga var på om lag 50 millionar kroner. I dag blir det gitt opplæring i alle ordinære fengsel, og det er skuleavdelingar i alle fylkeskommunar. I tillegg er det 10 oppfølgingsklassar i landet, 2 TAFU-prosjekt og ND-sentre i Oslo og Bergen. Ungdomseiningar er etablert i Oslo og Bergen. Det samla statlege tilskottet i 2013 var på kr. 238 984 000 i 2013 . I tillegg kjem øyremerka tilskott til ND-sentra i Oslo og Bergen.

I stortingsproposisjon nr.1 S for 2012-2013 formulerte Kunnskapsdepartementet målsetjinga for, og omtale av feltet «Opplæring innanfor kriminalomsorga» (Kap 225 post 68). Her blei ungdomstiltaka ved Oslo og Bergen fengsel nemnt spesielt, i tillegg til utvidinga med ein rusmeistringseining ved Hustad fengsel.

## TILSKOTTSDORDNINGA

Tildelinga for 2013 var samla på 238 984 000,- kroner, og er etter Fylkesmannen i Hordland sitt syn nytta i samsvar med føresetnadene. I dette arbeidet har Fylkesmannen mellom anna kontakt med Kunnskapsdepartementet, Utdanningsdirektoratet, fylkeskommunane, Justisdepartementet, Kriminalomsorgsdirektoratet og dei 5 regionane til Kriminalomsorga. 1 mill. kroner av dette beløpet er i Stortingsproposisjon nr. 1 S sett av til vidareføring av prosjektet «Tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning», som er etablert i Rogaland og Tromsø, under prosjektleiing av Fylkesmannen i Hordaland.

Budsjettet som blir tildelt fylkeskommunane kvart år, blir fordelt etter visse kriterier:

*Fordeling av bevilgningen mellom fylkeskommunene fastsettes på grunnlag av budsjettforslag fra fylkeskommunene, herunder antall elevplasser. I tillegg foretas det en skjønnsmessig fordeling basert bl.a. på antallet innsatte med behov for et opplæringstilbud, type tilbud som blir gitt, soningslengde til de innsatte, tilbudet i åpne anstalter, etablering av nye anstalter med opplæringstilbud. (Retningslinjer for tilskudd til opplæring innanfor kriminalomsorga, Utdanningsdirektoratet).*

Målet med tilskottsordninga er å bidra med finansiering slik at innsette eller frigjevne som har byrja på opplæring under soning – som ikkje har fullført grunnskulen eller vidaregåande skule – og som har rett til og ønskjer slik opplæring, får det.

Framlegg til endeleg fordeling frå Fylkesmannen i Hordaland har i forkant blitt drøfta i koordineringsgruppa som består av representantar frå Fylkesmannen i Hordaland, Kriminalomsorgsdirektoratet og Utdanningsdirektoratet. Kriminalomsorgsdirektoratet har i forkant også sendt budsjettforslaget til dei 5 regionane for å få innspel til budsjettfordelinga.

I haustsemesteret 2013 utlyste Fylkesmannen i Hordaland midlar til utstyr spesielt retta mot opplæring innanfor yrkesfag og IKT. 18 fylkeskommunar søkte og fekk innvilga heile eller delar av søknadsbeløpa.

Fylkeskommunane har rapportert at tilskottsmidlane til opplæring innanfor kriminalomsorga ikkje har følgd løns- og prisindeksen (2009 – 2013). Tilskottsmidlane har altså vore lågare enn lønns- og prisindeksen i same periode.

Fylkesmannen i Hordaland har i fleire år meldt om behov for å justere ordlyden i tilskottsordninga og i avtalen mellom Kunnskapsdepartementet og fylkeskommunane som omhandlar opplæring innanfor kriminalomsorga – som tilskottsordninga kvilar på. Gjennom året har Fylkesmannen i Hordaland arbeidd med eit innspel til endringar av desse tekstane. 8. januar 2014 sende embetet eit brev til Kunnskapsdepartementet med tilrådingar om endringar i tekstane.

For å motivere flest mogleg til å ta opplæring, og for at ulike innsettegrupper skal ha eit reelt opplæringstilbod, er det eit mål å gi kortare kurs eller delkurs med ei primær målsetting som kan knytast til kompetansemål i Læreplanverket for Kunnskapsløftet og til opplæring i grunnleggjande dugleikar.

Fylkesmannen i Hordaland nyttar ulike strategiar for å informere og sjå til at skuleeigarar ivaretek sitt ansvar for innsette sine rettar etter opplæringslova. Dette blir blant anna gjort gjennom tildelingsbrev, møter, fagsamlingar, prosjekt og implementering av prosjektresultat.

I førebels tildelingsbrev og i tilskottsbrev til fylkeskommunane blir skuleeigarar kvart år gjort merksam på dei overordna politiske styringsdokument som gjeld for dette området og for skuleverket generelt. Skuleeigarar blir gjort særleg merksam på at innsette med rett og plikt til grunnskule og innsette med rett til vidaregåande opplæring skal prioriterast. I tildelingsbrevane blir fylkeskommunane bedne om å lage ein ny plan for opplæringa

innanfor kriminalomsorga med dei overordna politiske styringsdokumenta som rettesnor. I dette arbeidet blir fylkeskommunen bedt om å ha med samarbeidspartar frå dei aktuelle skulane, kriminalomsorga (lokalt og regionalt), NAV og eventuelle andre aktuelle samarbeidspartar. I dag har 11 fylkeskommunar ein plan for området. I tillegg er nokre fylkeskommunar er i gang med å utarbeide planar. På heimesida til Fylkesmannen i Hordaland finn du ein samla oversikt over fylkesplanar for feltet opplæring innanfor kriminalomsorga.

Fylkeskommunane, skulane og kriminalomsorga har av Fylkesmannen i Hordaland blitt gjort særleg merksame på Rundskriv G1/2008 frå Justisdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Rundskrivet omhandlar forvaltningssamarbeidet mellom opplæringssektoren og Kriminalomsorga.

Fleire Fylkesmenn har gjennomført tilsyn med fylkeskommunane sitt ansvar for opplæring innanfor kriminalomsorga. Det har særleg vore undersøkt om dei innsette med rett til opplæring får denne oppfylt.

Utfordringane framover er i stor grad knytt til å sikre at dei som har rett til opplæring får denne retten oppfylt. Dette kan mellom anna sikrast gjennom framleis å arbeide for heilårsskule og auka kapasitet, mellom anna ved å betre skulelokala. Det er og viktig at retten til opplæring blir gjeldande for alle grupper innsette, både i varetekt og soning. Skulane har store utfordringar i samband med det veksande talet på utanlandske innsette og auka i talet på varetektsinnsette. Her vil Fylkesmannen følgje utviklinga nøye, og føreslå tiltak for å gi opplæringstilbod i samsvar med behov og rett.

---

## OPPFØLGING OG KONTROLL

Budsjettinnspel frå fylkeskommunane er kontrollert og vurdert i samanheng med tidlegare innvilga tilskott, rekneskapstal frå 2012, årsrapportering for 2012 og anna kjennskap til fylkeskommunane gjennom dialog og møter.

Ingen fylkeskommunar har fått avslag på sine budsjettinnspel, men 18 fylkeskommunar fekk reduserte tildelingar sett i forhold til budsjettinnspele for året. I 2013 budsjetterte fylkeskommunane med 281 853 025 kroner. Fylkeskommunane fekk eit generelt påslag på 3,2 % av tilskotet for 2012. Etter gjennomgang av budsjettinnspele, drøftingar med fylkeskommunar og drøftingar med kriminalomsorga fekk nokre av fylkeskommunane eit påslag utover 3,2%.

---

## FORVALTNINGSSAMARBEID

Forvaltningssamarbeid står sentralt når det gjeld opplæring i kriminalomsorga. Å få til gode opplæringstilbod krev forvaltningssamarbeid mellom fleire instansar. Kriminalomsorga har eit overordna ansvar når det gjeld å samordne samarbeidet. Dette kjem fram mellom anna i Straffegjennomføringslova § 4 om forvaltningssamarbeid: *Kriminalomsorgen skal gjennom samarbeid med andre offentlege etater legge til rette for at domfelte og innsatte i varetekt får de tjenester som lovgivningen gir dem krav på. Samarbeidet skal bidra til en samordnet innsats for å dekke domfelte og innsattes behov og fremme deres tilpasning til samfunnet.*

I juni 2005 ga Justisdepartementet og Utdannings- og forskingsdepartementet ut eit felles rundskriv om forvaltningssamarbeid mellom opplæringssektoren og kriminalomsorgen (Rundskriv G-5/2005 dagsett 06.06.2005). Føremålet med rundskrivet er at kriminalomsorga og opplæringssektoren skal leggje til rette for eit forpliktande og kvalitativt godt forvaltningssamarbeid ved å klargjera ansvars- og oppgåvefordelinga for

etatane på sentralt, regionalt og lokalt nivå. Etter revidering, ligg skrevet føre som Rundskriv G-1/2008, dagsett 20.10.2008.

I Stortingsmelding 27 (2004 – 2005) blir betydninga av forvaltningssamarbeidet understreka ved at det mellom anna blir vist til det ovannemnde rundskrivet. Departementet legg vekt på at dersom straffegjennomføringa skal ha ein best mogeleg rehabiliterande effekt, er det viktig at (...)den innsatte ved løslatelse i rimelig grad har dekket de behov som er nødvendige for å fungere i samfunnet. Slike behov er blant annet bolig, arbeid, utdanning, helsetilbud, tilbud fra rusomsorgen og et godt sosialt nettverk (St.meld.nr.27, 2004-2005, s.28). Sentrale samarbeidspartnarar for skulen er arbeidsdrifta, programverksemda i fengslet og NAV.

---

#### FORSKINGSBASERT KUNNSKAP

Fylkesmannen i Hordaland har gjennom fleire år hatt samarbeid med forskingsinstitusjonar. Dette er for å bygge opp eit kunnskapsbasert grunnlag for skuleverket, og for best mogeleg å kunne tilby tilpassa opplæringsløp til alle innsette.

4 rapportar frå kartlegginga vart publisert i løpet av 2013 og tidleg 2014. Dei er blant anna publisert på våre heimesidar: [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland).

---

#### INTERNASJONALT ARBEID

I 2013 har Fylkesmannen i Hordaland vore koordinator for Nordisk nettverk for fengselsundervisning. Nettverket får økonomisk støtte frå Nordisk Ministerråd (ved Nordisk Nätverk för Vuxnas Lärande) for å kunne vidareutvikle det nordiske samarbeidet innanfor området opplæring i fengsel. Nettverket hadde fire møte i 2013. Nordisk nettverk for fengselsundervisning har også ei eiga nettside<sup>1</sup>.

Fylkesmannen i Hordaland har vore i aktivt samarbeid med kollegaer i Europa for erfaringsutveksling og idespreiing – mellom anna i European Prison Education Association. Fylkesmannen i Hordaland er medansvarleg for «EPEA director conference» i Tallin i 2014.

Vi har ved enkelte høve blitt inviterte av organisasjonar og styresmakter for å formidle erfaringar frå Noreg. Fleire land i Europa hentar inspirasjon frå Noreg til eigen praksis på dette området.

#### OM KRIMINALOMSORGA OG FANGEBEFOLKNINGA

Kriminalomsorga er samansett av Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI), fem regionale kontor, fengsla og friomsorgskontora, to senter for narkotikaprogram med domstolskontroll (ND) og Kriminalomsorgens utdanningsenter (KRUS).

---

<sup>1</sup> [www.fengselsundervisning.net](http://www.fengselsundervisning.net)

Tre av fengsla er særskilt tilrettelagt for kvinner. Desse er Bredtveit, Sandefjord og Ravneberget som til saman har 117 plassar. I tillegg er det kvinneavdelingar ved 8 andre fengsel med i alt 74 plassar. I 2013 var det og 20 andre fengsel som tok imot kvinnelige innsette etter behov.

Det er i dag skule ved alle fengsel og fengselsavdelingar. Når det gjeld dei to nye ungdomseiningane er den eine mellombels etablert ved Bergen fengsel, avdeling D. Det er planar for at denne eininga skal inn i nye lokale i nærleiken av Bjørgvin fengsel. Det er ikkje avgjort kor ungdomseininga på austlandet skal byggjast.

Kriminalomsorga starta seint i 2013 arbeidet med å etablere fleire fengselsplassar. Dette vil skje ved hjelp av mellom anna dublering og nybygg til etablerte fengsel. Fleire fengselsplassar gir fleire elevar og deltakarar som har rett på opplæring.

I 2013 vara soningskapasiteten (overgangsboligane kjem i tillegg) 3649 plassar. Kapasitetsutnyttinga for heile kriminalomsorga var på 96 %. Om lag 37 % av alle fengselsplassane er klassifiserte som lågare grad av tryggleik.

## ORGANISERINGA AV OPPLÆRINGSTILBODET

Det er fylkeskommunane som er fagleg ansvarleg for opplæringa i fengsla. Det er etablert ei tilskottsordning for opplæring innan kriminalomsorga som skal dekkje fylkeskommunane sine kostnader til dette. Tilskottsordninga blir administrert av Fylkesmannen i Hordaland. Saman med avtalen frå 1988 mellom staten og fylkeskommunane og opplæringslova med forskrifter, dannar dette grunnlaget for opplæringstilbodet innan kriminalomsorga.

Opplæringstilbodet og omfanget av opplæringstilbodet i straffesystemet, har endra seg gjennom åra. Langelid (2012) påpeikar at skulegang, i større eller mindre grad, har vore ein del av straffesystemet i Noreg så lenge fengsla har eksistert. Ansvar for undervisninga i fengsel blei fyrst lagt til Kyrkje- og utdanningsdepartementet i 1969, og skuletilbodet i fengsla skulle frå då av vere ein del av det ordinære opplæringstilbodet.

Det er fengsel i alle fylke i Noreg. Til saman er det 34 vidaregåande skular og ein eigen skule (Grønland voksenopplæringscenter) som har vore ansvarlege for opplæringa i kriminalomsorga i 2013. Dette gjeld opplæringa i fengsla og ved dei 10 oppfølgingsklassane som er etablert rundt omkring i landet. I 2013 var det tilsett om lag 400 lærarar på heil- og deltid, noko som utgjer om lag 275 årsverk. Av alle tilsette lærarar var 58% kvinner. Det er fleire kvinner enn menn som arbeider deltid.




## ELEVAR OG DELTAKARAR

**Tabell 1** Talet på elevar i fengsel og oppfølgingsklassar gjeve i totale tal og gjennomsnitt, fordelt etter opplæringsstype

	2012				2013			
	Heiltid		Deltid		Heiltid		Deltid	
	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt
Grunnskule	37,0	19,9	57,0	25,0	41,0	9,5	111,0	23,6
Vidaregåande skule	1737,0	460,0	1687,0	326,6	1714,0	456,8	1418,0	389,5
Arb.kvalifiserande kurs	1014,5	89,6	1565,0	210,6	1084,5	65,8	1287,0	231,8
Andre kurs	447,0	87,6	3637,0	687,0	440,0	71,8	3605,0	800,6
Fagskule	62*	8,1	*	2,8	36*	12,6	*	5,3
Høgskule/Universitet	144*	64,2	*	15,0	200*	65,1	*	20,6
Total	3235,5	729,4	6946,0	1267,0	3279,5	681,6	6421,0	1471,4

\*Total tal for Fagskule og Høgskule/Universitet er ikkje differensiert etter heiltid/deltid. Tala er ikkje medrekna i utrekninga av total tal på elevar



**Figur 1** Tal på elevar i gjennomsnitt på 4 teljedatoar (både oppfølging og fengsel) 2008 – 2013 (tal).

## ELEVAR OG DELTAKARAR I SKULEAVDELINGANE I FENGSELET

**Tabell 2 Registrerte elevar gjennom året i fengsel/skuleavdeling i 2012 og 2013 fordelt etter type opplæring.**

	2012				2013			
	Heiltid		Deltid		Heiltid		Deltid	
	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt
Grunnskule	33,0	19,1	52,0	23,2	39,0	9,0	105,0	20,1
Vidaregåande skule	1604,0	406,0	1578,0	282,3	1571,0	405,8	1303,0	331,2
Arb.kvalifiserande kurs	942,0	81,8	1484,0	194,8	1015,0	59,5	1258,0	218,3
Andre kurs	417,0	83,3	3329,0	647,5	263,0	69,3	3409,0	743,8
Fagskule	32*	7,1	*	1,8	32*	9,6	*	5,3
Høgskule/Universitet	134*	62,4	*	15,0	183*	62,8	*	18,1
Total	2996,0	659,7	6443,0	1164,6	1340,0	616,0	3114,0	1336,8

\*Total tal for Fagskule og Høgskule/Universitet er ikkje differensiert etter heiltid/deltid. Tala er ikkje medrekna i utrekninga av total tal på elevar

**Tabell 3 Talet på elevar i høg-sikkerheitsfengsel gjeve i total tal og gjennomsnitt, fordelt etter opplæringstype**

	2012				2013			
	Heiltid		Deltid		Heiltid		Deltid	
	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt
Grunnskule	32,0	18,3	24,0	19,9	33,0	7,0	78,0	12,3
Vidaregåande skule	1006,0	270,7	935,0	186,4	901,0	282,5	643,0	194,9
Arb.kvalifiserande kurs	120,0	21,5	488,0	96,8	148,0	19,0	426,0	95,5
Andre kurs	225,0	45,5	2053,0	510,2	170,0	45,0	1967,0	590,0
Fagskule	13*	3,6	*	0,5	9*	5,8	*	2,0
Høgskule/Universitet	60*	26,9	*	10,5	79*	29,8	*	13,3
Total	1383,0	386,5	3500,0	824,3	1340,0	389,0	3114,0	907,9

\*Total tal for Fagskule og Høgskule/Universitet er ikkje differensiert etter heiltid/deltid. Tala er ikkje medrekna i utrekninga av total tal på elevar

**Tabell 4 Talet på elevar i låg-sikkerheitsfengsel gjeve i total tal og gjennomsnitt, fordelt etter opplæringstype**

	2012				2013			
	Heiltid		Deltid		Heiltid		Deltid	
	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt
Grunnskule	1,0	0,8	28,0	3,3	6,0	2,0	27,0	7,8
Vidaregåande skule	598,0	135,3	643,0	95,9	670,0	123,3	660,0	136,3
Arb.kvalifiserande kurs	822,0	60,3	996,0	98,0	867,0	40,5	832,0	122,8
Andre kurs	192,0	37,8	1276,0	137,3	93,0	24,3	1442,0	153,8
Fagskule	19*	3,5	*	1,3	23*	3,8	*	3,3
Høgskule/Universitet	74*	35,5	*	4,5	104*	33,0	*	4,8
Total	1613,0	273,2	2943,0	340,3	1763,0	226,8	2961,0	428,5

\*Total tal for Fagskule og Høgskule/Universitet er ikkje differensiert etter heiltid/deltid. Tala er ikkje medrekna i utrekninga av total tal på elevar

## ELEVAR OG DELTAKARAR I OPPFØLGINGSKLASSANE

Tabell 5 Talet på elevar i oppfølgingsklassar gjeve i total tal og gjennomsnitt, fordelt etter opplæringsstype

	2012				2013			
	Heiltid		Deltid		Heiltid		Deltid	
	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt	Reg. elevar	Gj.snitt
Grunnskule	4,0	0,8	5,0	1,8	2,0	0,5	6,0	3,5
Vidaregåande skule	133,0	54,0	109,0	44,3	143,0	51,0	115,0	58,3
Arb.kvalifiserande kurs	72,5	7,8	81,0	15,8	69,5	6,3	29,0	13,5
Andre kurs	30,0	4,3	308,0	39,5	177,0	2,5	196,0	56,8
Fagskule	30*	1,0	*	1,0	4*	3,0	*	0,0
Høgskule/Universitet	10*	1,8	*	0,0	17*	2,3	*	2,5
Total	239,5	69,7	503,0	102,4	408,5	62,5	346,0	134,5

\*Total tal for Fagskule og Høgskule/Universitet er ikkje differensiert etter heiltid/deltid. Tala er ikkje medrekna i utrekninga av total tal på elevar

## UNDERVISNINGSLOKALA OG OPPLÆRINGSKAPASITET

Opplæringskapasitet ved ein anstalt er det talet på elevar/deltakarar skulen i fengslet har mogelegheit til å gje opplæring. Kartleggingane til forskargruppa ved UiB (Manger m. fl., Fylkesmannen i Hordaland 2013) syner at det er fleire innsette som har rett til /ynskjer opplæring enn talet på innsette som tek del i opplæringa. Ein av grunnane til at ikkje alle som har rett/ynskjer opplæring ikkje tek det, kan vere opplæringskapasiteten ved fengselsinstitusjonane.

Det er kriminalomsorga som er ansvarlege for å skaffe tilfredsstillande lokale. Dette går fram av Rundskriv G-1/2008 om Forvaltningssamarbeid mellom opplæringssektoren og kriminalomsorga, og i avtalen mellom staten ved Kyrkje- og undervisningsdepartementet og fylkeskommunen om statstilskott til fengselsundervisning frå 1988. Mangel på gode nok lokale til opplæringsverksemda er mange stader utslagsgjevande for at ikkje alle innsette som ynskjer opplæring, får det. Opplæringskapasitet bør vere eit dynamisk omgrep. Dersom vi ser på fengsla under eitt, og ikkje berre på dei lokala som er tildelt skuleavdelingane, fins det mange stader som kunne vore brukt til opplæring. Det kan til dømes vere kjøkenet og dei ulike verkstadane til arbeidsdrifta. Fleire verkstader er godkjente lærebedrifter, og vi meiner at god utnytting av desse er særskild viktig for god yrkesfagleg opplæring innanfor murane.

Gjennom rapporteringssystemet rapporterer skuleavdelingane kvart år om skulelokala er tilfredsstillande eller ikkje. I rapporteringa skil ein mellom lokale brukt til fellesfag og lokale brukt til yrkesfag. Vi ser at det er ein stor del av skuleavdelingane som opplever at lokala ikkje er tilfredsstillande, særleg gjeld dette for yrkesfag.

Tilgang til, og kvaliteten på opplæringslokale og undervisningsrom påverkar kva opplæringstilbod skuleavdelingane kan gje, både i kvalitet og omfang. I tillegg kan kriminalomsorga stille andre krav til skuleavdelingane for at opplæring skal kunne gjennomførast. Dette kan til dømes vere krav om at enkelte innsette ikkje kan vere saman i ein undervisningssituasjon og krav om at nokre innsette må få eineundervisning av sikkerheitsmessige grunnar. Fengselsleiar kan og, etter ei vurdering, avgjere at innsette som skal gå på skule ikkje får tilgang til IFI/DFS (ikt-løysningane som vert brukt i opplæring innanfor kriminalomsorga). Opplæringskapasiteten til den enkelte skuleavdeling avhenger av rammene kriminalomsorga gjev.

Tabell 6 Skulane si vurdering av lokala som vert nytta til opplæring, skuleavdelingar i regionane i 2011, 2012 og 2013.

Region øst		2011	2012	2013	Fargekode:
Bredtveit fengsel forvarings- og sikringsanstalt	Teori				
	Yrkesfag				
Bredtveit fengsel, avd. Bredtveitveien	Teori				
	Yrkesfag				
Oslo fengsel avd A	Teori				
	Yrkesfag				
Oslo fengsel avd B	Teori				
	Yrkesfag				
Sarpsborg fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Halden fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Ravneberget fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Indre Østfold fengsel avd. Trøgstad	Teori				
	Yrkesfag				
Indre Østfold fengsel avd Eidsberg	Teori				
	Yrkesfag				
Ila fengsel forvarings- og sikringsanstalt	Teori				
	Yrkesfag				
Ullersmo fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Ullersmo fengsel avd. Krogsrud	Teori				
	Yrkesfag				
Kongsvinger fengsel avd. Lukket (Vardåsen avd. G)	Teori				
	Yrkesfag				
Kongsvinger fengsel avd. Åpen (Vardåsen)	Teori				
	Yrkesfag				
Hedmark fengsel avd. Hamar Åpen	Teori				
	Yrkesfag				
Hedmark fengsel avd. Hamar Lukket	Teori				
	Yrkesfag				
Hedmark fengsel avd. Bruvoll	Teori				
	Yrkesfag				
Hedmark fengsel avd. Ilseng fengsel	Teori				
	Yrkesfag				
Vestoppland fengsel avd. Gjøvik	Teori				
	Yrkesfag				
Vestoppland fengsel avd. Valdres	Teori				
	Yrkesfag				

Fargekode:
Dårleg
Mindre god
God
Svært god
Manglande rapportering
Sletta avdeling

Region sør		2011	2012	2013	Region sørvest		2011	2012	2013
Hassel fengsel	Teori				Arendal fengsel avd. Kleivgrend	Teori			
	Yrkesfag					Yrkesfag			
Ringerike fengsel	Teori				Arendal fengsel avd. Evje	Teori			
	Yrkesfag					Yrkesfag			
Drammen fengsel	Teori				Arendal fengsel avd. Lukket	Teori			
	Yrkesfag					Yrkesfag			
Nordre Vestfold fengsel avd. Horten	Teori				Arendal fengsel avd. Håvet	Teori			
	Yrkesfag					Yrkesfag			
Nordre Vestfold fengsel avd. Hof - Åpen	Teori				Kristiansand fengsel	Teori			
	Yrkesfag					Yrkesfag			
Søndre Vestfold fengsel avd. Berg	Teori				Haugesund fengsel	Teori			
	Yrkesfag					Yrkesfag			
Søndre Vestfold fengsel avd. Larvik	Teori				Åna fengsel avd. Lukket	Teori			
	Yrkesfag					Yrkesfag			
Bastøy fengsel	Teori				Åna fengsel avd. Åpen	Teori			
	Yrkesfag					Yrkesfag			
Sandefjord fengsel	Teori				Sandeid fengsel	Teori			
	Yrkesfag					Yrkesfag			
Sem fengsel	Teori				Stavanger fengsel	Teori			
	Yrkesfag					Yrkesfag			
Telemark fengsel avd. Skien fengsel	Teori								
	Yrkesfag								
Telemark fengsel avd. Kragerø fengsel	Teori								
	Yrkesfag								

Region vest		2011	2012	2013	Region nord		2011	2012	2013
Bergen Fengsel	Teori				Trondheim fengsel avd. Leira	Teori			
	Yrkesfag					Yrkesfag			
Bjørgrav fengsel	Teori				Trondheim fengsel avd. Nermarka	Teori			
	Yrkesfag					Yrkesfag			
Bergen Fengsel avd. Osterøy	Teori				Verdal fengsel	Teori			
	Yrkesfag					Yrkesfag			
Vik fengsel avd. Lukket	Teori				Bodø fengsel	Teori			
	Yrkesfag					Yrkesfag			
Vik fengsel avd. Åpen	Teori				Bodø fengsel avd. Fauske	Teori			
	Yrkesfag					Yrkesfag			
Hustad fengsel avd. Lukket	Teori				Mosjøen fengsel	Teori			
	Yrkesfag					Yrkesfag			
Hustad fengsel avd. Åpen	Teori				Tromsø fengsel avd. Lukket	Teori			
	Yrkesfag					Yrkesfag			
Ålesund fengsel	Teori				Tromsø fengsel avd. Åpen	Teori			
	Yrkesfag					Yrkesfag			
					Vadsø fengsel avd. Lukket	Teori			
					Vadsø fengsel avd. Lukket	Yrkesfag			
					Vadsø fengsel avd. Åpen	Teori			
					Vadsø fengsel avd. Åpen	Yrkesfag			

Tabell 7 Skulane si vurdering av lokala som vert nytta til opplæring, oppfølgingsklassar, 2011, 2012 og 2013.

Skule	Oppfølgingsklasse/Klassenamn	2011	2012	2013
Åsane vgs	Fossane	Teori		
		Yrkesfag		
Steinkjer vgs	Furuskogen	Teori		
		Yrkesfag		
Brundalen vgs	Oppfølgingsbasen	Teori		
		Yrkesfag		
Grønland Voksenopplæringscenter	Oppfølgingsklasse	Teori		
		Yrkesfag		
Storhamar vgs	Oppfølgingsklasse	Teori		
		Yrkesfag		
Drammen vgs	Oppfølgingsklasse	Teori		
		Yrkesfag		
Kvadraturen vgs	Oppfølgingsklasse	Teori		
		Yrkesfag		
Bodø vgs	Oppfølgingsklasse	Teori		
		Yrkesfag		
Hjalmar Johansen vgs	Sluseprosjektet	Teori		
		Yrkesfag		
Færder vgs	Utsikten	Teori		
		Yrkesfag		

## PROSJEKT TAFU - TILBAKEFØRING GJENNOM ARBEID- FRITID OG UTDANNING

TAFU (Tilbakeføring gjennom arbeid fritid og utdanning) er forankra i Stortingsmelding nr.27 (2004-2005) *Enda en vår* og i Stortingsmelding nr.37 (2007-2008) *Straff som virker*. Utforminga av prosjektet er inspirert av det svenske KrAmi som blei starta i 1980.

TAFU-prosjektet i Rogaland blei etablert i 2009 og prosjektet i Tromsø blei etablert i 2010. Prosjekta arbeider med å føre tilbake tidlegare straffedømde, i hovudsak menn, i alderen 18 – 40 år til samfunnet. Dette gjennom å yte hjelp til deltakarene med å få arbeidspraksis, og/eller utdanning og med mål om varig arbeid.

TAFU er organisert rundt to bærande idear; samtidig forvaltningssamarbeid og felles pedagogisk plattform. Forvaltningssamarbeidet er sikra og styrka ved at dei to prosjekta har ei felles sentral styringsgruppe, samt eigne lokale styringsgrupper. Fylkesmannen i Hordaland er prosjektleiar for TAFU, Kunnskapsdepartementet er prosjekteigar.

Bakgrunnen for at det er gjennomført ei utprøving av TAFU-modellen i Noreg, er eit resultat av ein lang politisk og fagleg prosess der mange aktørar på ulike forvaltningsnivå har hatt ei felles forståing av at menneske som har sona dommar skal få den hjelp dei har behov for ved retur til samfunnet. TAFU er ein samvirkemodell som møter slike utfordringar gjennom å tilby hjelp til tidlegare straffedømde kor representantar for NAV, kriminalomsorga, kommunen, fylkeskommunen og private tiltaksarrangørar jobbar samen og samtidig i felles lokale. Målet er å hindre tilbakefall til kriminalitet gjennom at deltakarane skal finne arbeid eller praksisplass, eller begynne på, eller fullføre utdanning – med mål om varig arbeid på sikt. Arbeidsforskningsinstituttet, som har evaluert prosjektet uttaler i sin rapport (AFI 11/2013) at TAFU er godt i gang med å verkeleggjere denne målsetjinga – forstått som at det utføres godt arbeid som får mange deltakare ut i arbeid eller opplæring, men også målt i eit samfunnsøkonomisk perspektiv.

I proposisjon til Stortinget hausten 2013 gjorde Kunnskapsdepartementet framlegg om å føre vidare TAFU-prosjekta i Rogaland og Tromsø i 2014, med sikte på permanent drift frå 2015:

*For å få ei betre oppfølging av straffedømte etter avslutta soning er prosjektet Tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning (TAFU) etablert i Rogaland og Troms under leiing av Fylkesmannen i Hordaland. Dette er eit samarbeid mellom utdanningsstyresmaktene, kriminalomsorga, NAV, kommunane og frivillige organisasjonar. Med bakgrunn i evalueringsrapporten og vidare erfaringar foreslår departementet å føre vidare prosjekta i 2014. Det blir teke sikte på å gjere prosjekta i Troms og Rogaland permanente frå 2015. Departementet vil i samarbeid med relevante departement vurdere ei eventuell utviding med prosjekt i fleire fylke. «Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)» Prop. 1S (2013-2014). Det kongelege kunnskapsdepartementet.*

Som ein del av arbeidet fram mot å gjere prosjekta i Tromsø og Rogaland permanente frå 2015, har sentral styringsgruppe og Fylkesmannen i Hordaland produsert diverse saksframlegg som førebuing fram mot vidare politisk behandling. Det vert i denne samanhengen også referert til evalueringsrapport frå Arbeidsforskningsinstituttet og sluttrapport frå Fylkesmannen i Hordaland. Kunnskapsdepartementet tar sikte på å gjere prosjekta i Tromsø og Rogaland permanente frå 2015. Endeleg avgjerd vil bli fatta i løpet av 2014.

---

### TAFU ROGALAND

TAFU Rogaland hadde i 2013 totalt 6,6 stillingar. Det vart gjennomført fire tre-vekers introduksjonskurs med påfølgjande praksis/arbeidssøking. Til saman var det 96 personar som søkte om opptak i TAFU i 2013. Av desse var det 40 personar som fylte opptakskriteria og fekk plass. Av dei 37 som møtte til introduksjonskurs, var det 31 som fullførte.

Av dei 37 som byrja på introduksjonskurs, hadde seks deltakarar fullført fagbrev, mens 10 hadde fullført 2. vidaregåande opplæring (men ikkje læretid). 20 av dei som byrja på introduksjonskurs hadde avbrote vidaregåande opplæring, mens ein ikkje hadde starta på noko vidaregåande opplæring.

Som i 2012 er tala frå 2013 oppløftande. Av dei som har vore i TAFU i 2013 (eller i overgangen mellom 2012 og 2013) har 23 vore i arbeidspraksis og 13 har fått fast arbeid. Dei som er skrivne ut av TAFU har alltid høve til å komme attende seinare.

#### Opplæring – TAFU Rogaland

I Rogaland har utdanningsdelen i TAFU blitt styrka i 2013 då Rogaland fylkeskommune gjekk inn med personalressursar i form av ein 60 % stilling. TAFU Rogaland har styrka sitt utdanningsperspektiv mellom anna fordi ein no har tilgang til nettverk hjå fylkeskommunens opplæringsavdeling, og ein kan samarbeide jamleg med dei forskjellige skuleavdelingane i fengsla. Den tilsette frå Rogaland fylkeskommune kan vidare tilby deltakarane i TAFU kartlegging og oppfølging, mellom anna med mål om tilrettelegging av opplæringsløp for den einskilde. Personalressursar frå Rogaland fylkeskommune er frå 2014 auka til ein 100% stilling.

---

#### TAFU TROMSØ

TAFU Tromsø hadde i 2013 totalt 3 stillingar. Tromsø kommune og Troms fylkeskommune støttar prosjektet gjennom deltaking i lokal styringsgruppe, men deltar ikkje i samvirket utover dette. TAFU Tromsø nyttar ikkje introduksjonskurs, men har i staden individuelle inntak. I 2013 vart det gjennomført 38 samtaler med potensielle kandidatar (tre kvinner) med tanke på opptak til TAFU Tromsø. Fleire av desse viste seg å ikkje vere i målgruppa. Sju personar fylte opptakskriteria og fekk plass. I slutten av desember 2013, hadde TAFU Tromsø sju aktive deltakarar og sju aktuelle kandidatar. Som i Rogaland, har dei som er skrivne ut av TAFU Tromsø alltid høve til å komme attende seinare.

#### Opplæring – TAFU Tromsø

Troms fylkeskommune støttar prosjektet gjennom deltaking i den lokale styringsgruppa, men har ingen personalressurs i TAFU-samvirket. TAFU Tromsø har i 2013 nytta Karriere Troms (Troms fylkeskommune) som støttespelar ved behov for hjelp med omsyn til utdanning, opplæring og karriererettleiing. TAFU Tromsø treng kompetanse når det gjeld spørsmål knytt til utdanning og realkompetansevurdering. Det vil bli fokusert på auka kunnskap om realkompetansevurdering i 2014.

#### Potensiale for TAFU i eit opplæringsperspektiv

Fylkesmannen i Hordaland meiner at det er potensiale for å styrke opplæringsdelen av TAFU. Særlig er det mogeleg å betra koplinga mellom skuleavdelingane i fengsla og TAFU. Målet må vere at fleire innsette som tek del i opplæringstilbod i fengsla, kan halde fram skulegangen gjennom TAFU ved frigang og etter lauslating – under føresetnad at av dei på andre områder kvalifiserer for inntak. Skular med ansvar for opplæring innan kriminalomsorga må vurdere om det kan vere føremålstenleg å knytte elevar heimehøyrande i aktuelle kommunar opp mot TAFU før dei vert sett fri. Det er dermed og viktig at TAFU og Fylkesmannen i Hordaland gjer TAFU kjent for dei som arbeider med opplæring innanfor kriminalomsorga.

## NARKOTIKAPROGRAM MED DOMSTOLSKONTROLL

Prøveordninga Narkotikaprogram med domstolskontroll (ND) trådte i kraft 01.01.2006, og inneber at rusmisbrukarar kan dømmast til å gå gjennom eit rehabiliteringsprogram som føresetnad for dom på vilkår ved narkotikarelatert kriminalitet. Den dømde må ha motivasjon for å gjere noko med eige narkotikaproblem og dessutan samtykke til ei slik straff. Alternativet til deltaking i programmet er fengselsstraff utan vilkår. Prøveordninga Narkotikaprogram med domstolskontroll er forlenga ut 2014. Det er oppretta ND-senter i Oslo og Bergen.

Domstolane si rolle er viktig for at arbeidet i ND-sentra skal lukkast. Etter maktfordelingsprinsippet skal ikkje domstolane ha ein aktiv rolle når det gjeld forvaltninga si handheving av straff, men i dette programmet er domstolane si aktive dømming og oppfølging av den dømde si utvikling i programmet ein avgjørande føresetnad i arbeidet for å lukkast. Narkotikaprogram med domstolskontroll er inndelt i 4 fasar: iverksettingsfasen, stabiliseringsfasen, ansvarsfasen og vidareføringsfasen. Innhaldet i dei enkelte fasane vert sett av domstolane etter tilråding frå ND-sentra.

Gjennomføringa av dom er i dette programmet knytt til eit dagsenter der innhaldet vert lagt til rette for av ei tverrfagleg gruppe samansett av representantar frå mellom anna sosialtenesta i kommunen, opplæringssektoren, spesialisthelsetenesta og kriminalomsorga. Frå sommaren 2011 vart opplæringsdelen i ND-sentra lagt under Fylkesmannen i Hordaland med øyremerka midlar over statsbudsjettet til ein pedagogressurs kvar av stadene. Det er Oslo kommune og Hordaland fylkeskommune som har det faglege og pedagogiske ansvaret for opplæringsdelen i ND-sentra.

I 2013 var talet på personundersøkingar gjennomført av ND-sentra for å vurdere om personar var eigna for deltaking i Narkotikaprogram med domstolskontroll: 35 i Bergen og 43 i Oslo. Av desse var det høvesvis 17 og 15 som vart vurdert som eigna for programmet i Bergen og Oslo. Til saman var det pr. 31.12.2013 registrert 44 aktive saker i Narkotikaprogram med domstolskontroll. Gjennomføring av dom i programmet er spesialtilpassa den einskilde rusmisbrukar, der ein har som mål å kunne gje eit heilskapleg behandlingstilbod.

---

### UTDANNINGSBAKGRUNN

ND-sentret i Oslo har for 2013 rapportert at 8 av 33 domfelte hadde fullført vidaregåande opplæring, medan 2 av 33 personar hadde byrja på høgare utdanning innan dei starta opp med programmet. Fleire av desse personane har teke fag frå vidaregåande opplæring medan dei tidligare har sona i fengsel. Av totalt 6 kvinner, er det ingen av desse som har fullført vidaregåande opplæring. Når det gjeld utdanningsbakgrunn til eit par personar med utanlandsk opphav, er det knytt usikkerheit til utdanninga frå heimlandet, eller det er uvisst om dei har utdanning tilsvarande norsk utdanning.

ND-sentret i Bergen har for 2013 rapportert at 6 av 29 domfelte hadde fullført vidaregåande opplæring, medan 14 av 29 personar hadde byrja på vidaregåande opplæring utan å fullføre – innan dei starta opp med programmet. Til saman 5 av 29 hadde fullført grunnskule, mens 1 ikkje hadde fullført grunnskule. 3 personar hadde byrja på høgare utdanning innan dei starta opp med programmet.

---

### OPPLÆRING

I Oslo er pedagogressursen i ND tilsett ved Grønland voksenopplæringscenter, medan pedagog i Bergen er tilsett direkte i Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune. Deltakarane i Oslo er knytt til Grønland voksenopplæringscenter eller ordinære tilbod, medan ND-sentret i Bergen samarbeider med Åsane vidaregåande skule – avdeling Fossane – som er ein oppfølgingsklasse for innsette ved Bergen og Bjørgvin



fengslar. Også andre skular har vore nytta i Bergen. Fagopplæringskontoret og eksamenskontoret ved Hordaland fylkeskommune har vore viktige samarbeidspartnarar for å kunne skreddarsy opplæringsløp til deltakarene. Både i Oslo og Bergen vert pedagogressursen i ND nytta til rådgjeving, motivasjon, kartlegging og tilrettelegging kring opplæring.

I Oslo har totalt 13 av 33 personar vore under ein eller anna form for opplæring i delar eller i heile 2013, medan tilsvarende tal for Bergen er 8 av 29 personar.

Det er ikkje rapportert om realkompetansevurderingar frå verken Oslo eller Bergen i 2013. Fylkesmannen i Hordaland ynskje at ND-sentra nyttar realkompetansevurdering for denne gruppa. Samstundes som realkompetansevurdering er ein rett etter opplæringslova, så vil det korte ned eit eventuelt opplæringsløp for den einskilde.

Gjennomføringa av Narkotikaprogram med domstolskontroll krev ein felles innsats og eit forpliktande samarbeid mellom ulike sektorar og forvaltningsnivå. Evalueringa av ND-sentra som vert gjennomført av SIRUS, vil ligge føre i 2014.

## UNGDOMSEININGAR FOR BARN OG UNGE I BERGEN OG OSLO

Bjørgvin fengsel Ungdomseininga er ei eining som tek imot innsette under 18 år frå heile landet. Eininga held til i mellombelse lokale ved Bergen fengsel. Avdelinga har kapasitet på fire plassar – to i avdeling med høgare sikkerheit, og to i avdeling med lågare sikkerheit. Ungdomseininga tar i mot innsette både på grunnlag av varetekt og dom. Bjørgvin fengsel Ungdomseininga flyttar inn i permanente lokale hausten 2014.

Innsette i Ungdomseininga kan gå på vanleg skule eller nytte skulen som er knytt til fengselet. Åsane vidaregåande skule (avdeling Fossane) har ein kontaktperson/rådgjevar som har særskilt ansvar for oppfølging av dei innsette. Etter ei innleiande kartlegging i basisfaga, blir det utarbeidd individuelt tilpassa skuletilbod. Ungdomseininga er eit samarbeidsprosjekt mellom ulike etatar som kriminalomsorga, barnevern, psykisk helsevern, utdanning/opplæring og kommunal tjenesteyting og har landsdekkande funksjonar.

Oslo fengsel har sonings- og varetektstilbod til barn under 18 år. Innsette i Ungdomstiltaket får tett oppfølging av eit tverrfagleg team individuelt og i grupper – skild frå vaksne. Ungdomstiltaket har fokus på reduksjon av skadeverknader av isolasjon, endringsarbeid og strukturert og målretta tilbakeføringsarbeid. Ungdomstiltaket har tilbod både på dagtid, kveld og helg.

Innsette i Ungdomstiltaket nyttar skuletilbod frå Grønland voksenopplæringsssenter som er knytt til fengselet. Grønland voksenopplæringsssenter kan bidra med individuelle opplæringstiltak og med kompetanse kring samarbeid om opplæringsplan/framtidsplan. Som eit tilbod til dei yngste innsette, har opplæringsssenteret blant anna etablert ei entreprenørskapsgruppe. For kunne gi denne målgruppa eit best mogeleg tilbod, deltar skulen i eit tverretatleg prosjekt der fengsel, barnevern, skule og helse jobbar saman for å lage best mogeleg rammar under soningsforløpet, og for at oppfølging etter soning skal vere på plass.


Tilskottet til opplæring i kriminalomsorga har dei siste år blitt styrka med ekstra midlar frå regjeringa – knytt opp til etablering av forsøk med ungdomseiningar for barn og unge i Bergen og Oslo.

## DET FAGLEGE NETTVERKET

Fylkesmannen i Hordaland har etablert eit nasjonalt fagnettverk for å støtte fylkeskommunane med å ivareta det særeigne med opplæring innanfor rammene av kriminalomsorga. Fagnettverket består av fleire nettverk av lærarar på ulike fagområde.

Nettverka er leia av fagkoordinatorarar. Hovudoppgåva til fagkoordinatorane er å sikre erfaringsutveksling knytt til opplæring på fagområda. Dette blir organisert på ulikt vis. Blant anna gjennom samlingar på læringsplattformen It's learning, i lukka grupper på Facebook og gjennom e-postutveksling.

Fagkoordinatorane kan og lyfte fram aktuelle problemstillingar og utfordringar frå fagnettverket som Fylkesmannen i Hordaland søker å finne avklaringar på. Framstillinga under viser fagområda og namn på fagkoordinatorane gjeldande frå mai 2014.



### AKTIVITET I 2013

Fylkesmannen i Hordaland inviterer til fire møter kvar år. I 2013 hadde fagkoordinatorgruppa også eit elektronisk møte.

Fagkoordinatorane og fylkesmannen i Hordaland planla og arrangerte den femte fagsamlinga «Inspirasjon og deling» i 2013. Talet på deltakarar og innleggshaldarar var 205 personar.

Målsetjinga for samlinga var erfaringsutveksling, fagutvikling og inspirasjon innan dei ulike fagområda. Fagsamlinga var og ein arena for å dele og diskutere i faggrupper. Målgruppa for samlinga var alle tilsette i opplæring innanfor kriminalomsorga, TAFU-prosjektet og ND-sentra. Programmet i 2013 var særleg retta mot rådgjevarar og lærarar innan språk, IKT, yrkesfag, praktisk-estetiske fag, og opplæring for minoritetsspråklege.

Planlegginga av fagsamlinga i 2014 starta nærmast medan fagsamlinga 2013 var i gang. For 2014 vil eit gjennomgåande tema på heile fagsamlinga vere realkompetansevurdering. Realkompetansevurdering kan vere eit godt verkty for å tilpasse og avkorte utdanningsløpa for vaksne, men tala på realkompetansevurderingar i opplæring innanfor kriminalomsorga har minka dei siste åra.

Fagkoordinatorane arrangerte også samlingar for eigne faggrupper i 2013. Fagkoordinatorane for praktiske-estetiske fag, opplæring for minoritetsspråklege og språkfag arrangerte ei felles nettverkssamling for lærarar i desse faggruppene i Halden fengsel i september. Tema her var blant anna samarbeid med arbeidsdrifta.

Fagnettverket i yrkesfag (RM, HO, SS og NA) hadde fagseksjonsmøte på Ravneberget kvinnefengsel i september. Fagkoordinator for desse faga blei særleg nytta som ressurs i RM.

Fagkoordinatorane for rådgevingad har laga fylkesvise oversikter over rådgjevjarar med kontaktinfo til desse. Oversiktene er publiserte på fagsida på it's learning.

## UTFORDRINGAR

Ein stor del av arbeidet til fagkoordinatorane handlar om å vere i kontakt med lærarane i sine nettverk. Til dette blir det nytta faggrupper på læringsplattform, lukka facebookgrupper og e-post. Fagkoordinatorane melder tilbake at det er arbeidskrevjande å skulle ha oppdaterte e-postlister, men at det er nødvendig for å nå målgruppa av lærarar.

Meir informasjon om fagnettverket og kontaktinformasjon til fagkoordinatorane finn du på nettsidene til Fylkesmannen i Hordaland.

## OPPLÆRINGSTILBODET INNANFOR KRIMINALOMSORGA

### MANGE DELTEK, MEN ENDÅ FLEIRE YNSKJER Å TA DEL I OPPLÆRINGA.

Tala i årsmeldinga 2013 syner at ein stor del av dei innsette får høve til å delta i opplæringstilbod medan dei er i varetekt eller soner ei straff. Samtidig syner kartlegginga av innsette i fengsla (alle norske statsborgarar og tre utvalte grupper utanlandske statsborgarar frå 2012/2013) at ikkje alle som har rett til opplæring tek del i skuletilbodet. Kartlegging syner også at det er fleire som ynskjer opplæring enn som faktisk deltek i opplæring.

Vidare i denne teksten søker vi å oppsummere tilstanden på nokre utvalde område, samt å synleggjere nokre av tankane våre om vegen framover for fagfeltet.

### RETT TIL OPPLÆRING ETTER OPPLÆRINGSLOVA

Det er ei stor gruppe innsette som har rett til opplæring. I samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, kartla forskargruppa for kognisjon og læring ved Universitetet i Bergen i 2012 – 2013, dei innsette sin utdanningsbakgrunn, utdanningsaktivitet, utdanningsynskjer og erfaring frå arbeidslivet. På bakgrunn av dette estimerer forskarane at det i gruppa med norske statsborgarar er langt fleire innsette med rett til opplæring enn innsette som faktisk held på med opplæring.

Forskarane kom fram til at 30,5 % av innsette i aldersgruppa under 25 har rett til vidaregåande opplæring, men tek det ikkje. Det tilsvarande talet for grunnskuleopplæring er 2,8 % for denne gruppa. For innsette som er 25 år eller eldre, hevdar forskarane at 23,4 % vil ha rett til vidaregåande opplæring etter søknad. For denne

gruppa er tilsvarande tal for ikkje gjennomført grunnskuleopplæring 3,6 %. Når innsette har gjennomført grunnskuleopplæringa, vil dei ha rett til vidaregåande opplæring (3/2013, s 49-51). Tala nemnd gjeld norske statsborgarar. I tillegg vil det og vere innsette som ikkje er norske statsborgarar, men som med lovleg opphaldsløyve kan ha rett til vidaregåande opplæring eller både grunnskule og vidaregåande opplæring.

Fylkesmannen i Hordaland vil følgje opp funna frå denne kartlegginga med mål om at endå fleire innsette kan få høve til å ta del i eit opplæringstilbod. Det er også viktig å merke seg at vaksne som har bruk for det, har rett på opplæring i grunnleggjande ferdigheiter. Digitale ferdigheiter er ein av desse.

Opplæringslova med tilhøyrande forskrifter regulerer kva retten til opplæring inneber, også innanfor kriminalomsorga. Innsette med ungdomsrett har til dømes rett til inntak på eit av tre valde utdanningsprogram medan innsette med vaksenrett har rett på ei opplæring som kan føre fram til ønska sluttkompetanse. Fylkesmannen i Hordaland vil, i samråd med skuleeigarar og kriminalomsorga, arbeide vidare for at opplæringstilbodet skal vere i tråd med gjeldande lov og regelverk, og for at innsette med rett til opplæring får denne oppfylt.

---

#### OPPLÆRING UTOVER RETT ETTER OPPLÆRINGSLOVA

Det er ikkje berre innsette med rett til opplæring etter opplæringslova som deltek i opplæringstilbodet i kriminalomsorga. Mange skuleeigarar gjev og opplæring til innsette som ikkje har ein rett etter opplæringslova. Nokre innsette kan ha brukt opp retten til vidaregåande opplæring, men får høve til å fullføre opplæringsløp eller gjennomføre opplæringsløp som kan betre sjansane til å kunne delta i arbeidslivet etter soning.

Ei mindre gruppe innsette har fullført vidaregåande opplæring og ynskjer tilgang til fagskule eller høgare utdanning. I mange skuleavdelingar blir ein del av den totale rådgjevarressursen nytta for å leggje til rette for dette.

Nokon som manglar rett etter opplæringslova er dei utan eller med uavklart opphaldsløyve. Fylkesmannen i Hordaland får mange spørsmål kring denne problemstillinga: Skal det gjevast opplæring, og kva type opplæring har innsette utan lovleg opphald rett på?

Nokre fylkeskommunar vel å tilby opplæring til alle, uavhengig av opphaldsstatus. Dette i tråd med lokal sjølvråderett. Hedmark fylkeskommune gjev til dømes eit opplæringstilbod til alle innsette i Kongsvinger fengsel, der innsettegruppa i hovudsak ikkje har opphaldsløyve i landet. Etter omlegginga til eit såkalla «utanlandskfengsel» er arbeidsspråket for dei tilsette engelsk, og skuleavdelinga har framleis ein viktig rolle. Opplæringa er retta inn mot å ha nytte for dei innsette som skal sendast ut av landet. Dette står ikkje nødvendigvis i motsetnad til å gje ei opplæring i tråd med gjeldande læreplanar.

Opplæringstilbodet i fengsla er ein viktig del av det totale aktivitetstilbodet for dei innsette. Britisk og amerikansk forskning hevdar utdanning i fengsel gjev mindre tilbakefall til nye lovbrudd. Tilgang til opplæring, og eit opplæringstilbod i tråd med behova til den innsette og arbeidsmarknaden, kan gje lågare tilbakefall til kriminalitet og betre tilbakeføring til samfunnet.

---

#### FLEKSIBLE OPPLÆRINGSLØP

Fylkesmannen i Hordaland vil understreke at det er heilt nødvendig å leggje til rette for fleksible opplæringsløp om dei innsette skal få oppfylt rettane sine til opplæring. Noko av det særprega med opplæring i fengsel er at elevane og deltakarane kan bli overførte til andre institusjonar på grunn av fengselsfaglege val. Nokon gonger skjer dette plutsleg, andre gongar har det vore høve til å planleggje ein slik overgang.

Informasjon til innsette og god kartlegging av den enkelte kan vere ein del av eit godt rådgjevartilbod, men må og sjåast i samanheng med kriminalomsorgs arbeid. Relevant informasjon må følgje elevane når dei blir overført til andre institusjonar. Opplæringa må blir minst mogeleg forstyrra eller avbroten av flyttingar.

Ein anna faktor som kan gje innsette tilgang til ei meir fleksibel opplæring, er skuletilbod gjennom heile året. Med korte dommar er det særleg viktig at opplæringstilbodet er tilstrekkeleg i den perioden den innsette sit i fengsel. Med korte dommar kan det og vere ein fordel at opplæringa er modulbasert.

Mange skuleavdelingar har ein base av fag dei tilbyr, men har også organisert seg slik at dei har høve til å hente inn eksterne krefter, eller krefter frå hovudskule, for å gje tilbod det ikkje er lærarkompetanse på i skuleavdelinga.

Fylkesmannen i Hordaland arbeider for at samarbeidet mellom opplæring og arbeidsdrifta skal bli betre slik at særleg yrkesfagleg utdanning kan bli styrka. Det fins til dømes fleire godkjente lærebedrifter i fengsla, utan at dei nødvendigvis blir nytta til læreplassar.

Fylkesmannen i Hordaland ser at den nasjonale ikt-løysninga kan vere eit utgangspunkt for å leggje til rette for fleksibilitet i opplæringstilbodet til innsettegruppa. Fylkesmannen i Hordaland vil difor ta initiativ til ei arbeidsgruppe som kan utreie ein intern læringsplattform i ikt-løysninga i 2014/15.

---

#### NY IKT-LØYSNING

Omsynet til tryggleik gjer at Kriminalomsorgsdirektoratet har utvikla ein ikt-løysning, *Desktop for skolen* (DFS). Dette for å gje skuleavdelingane i fengsla sikker tilgang til ikt-verkty og internett slik at elevane/deltakarane kan utvikle digitale ferdigheiter i tråd med gjeldande læreplan.

For å ivareta tryggleiken har Fylkesmannen i Hordaland akseptert at Kriminalomsorgsdirektoratet har ansvar for den sentrale drifta for løysninga, infrastruktur inkludert. Kriminalomsorgsdirektoratet har dermed og ansvar for hjelpetenestene ut mot skuleavdelingane.

Slik organiseringa og ressursituasjonen i dag er i sektoren, vil ikkje DFS kunne løyse skuleverket sine behov. Erfaringane og sluttevalueringa frå pilotfasen med DFS viser at endringane frå tidlegare ikt-løysning til DFS krev ressursar for å sikre at tilbodet i DFS vert forvalta i tråd med skuleeigarane sine interesser. Ei løysing vil kunne vere å gje ein sentral aktør ansvar og råderett på vegne av dei ulike skuleeigarane, og dermed ta hand om innhaldet i DFS.

Fylkesmannen i Hordaland har holdt fylkeskommunane, Udir og Kunnskapsdepartementet orientert om problemstillingar som kan følgje av løysninga. Fylkesmannen i Hordaland arbeider for at ansvaret for innhaldet blir lagt til ein aktør.

---

#### FYLKESPLANAR

Forvaltningssamarbeidet mellom kriminalomsorga og fylkeskommunane er avgjerande for at fylkeskommunane kan oppfylle utdanningsoppdraget sitt. Mange fylkeskommunar har ordlagt og styrka dette samarbeidet gjennom fylkesplanar<sup>1</sup> for opplæring innanfor kriminalomsorga. Fylkesmannen i Hordaland arbeider for at dei regionane som ikkje har etablert regionale forvaltningssamarbeidsmøter, gjer det. I dag har 12 fylkeskommunar ei plan for området. Nokre fylkeskommunar er i gang med å laga eigen plan, mens andre arbeider med å revidere gamal plan. Fylkesmannen i Hordaland har ei samla oversikt over fylkesplanar for opplæring innanfor kriminalomsorga på heimesida.

---

## GODE PRAKSISAR OG RUTINAR

På eit nasjonalt område – som opplæring innanfor kriminalomsorga er – vil det vekse fram ulike praksisar. Fylkesmannen i Hordaland har teke eit ansvar for å leggje til rette for at lærdommar, erfaringar og god praksis frå området blir gjort kjent. Til dømes har fagkoordinatorane og Fylkesmannen i Hordaland arrangert fagsamlinga Inspirasjon og deling. Der har gode praksisar blitt delt, erfaringar drøfta og prosjekt blitt presentert.

I åra 2013-2014 blir det arrangert fagdagar der temaet er praksisnær opplæring i grunnleggjande ferdigheiter. Målgruppa er tilsette og leiarar i skuleavdelingane og arbeidsdrifta. Her blir gode døme frå regionane trekt fram, og det er sett av tid til å diskutere saman. Desse fagdagane er eit samarbeid mellom Kriminalomsorgsdirektoratet, regionane, Vox og Fylkesmannen i Hordaland.

---

## OPPSUMMERING

For 2013 meiner vi området opplæring innanfor kriminalomsorga er handtert på ein god måte, og vi meiner vi har prioritert rett med omsyn til kva tema det skal arbeidast særskilt med. Fylkesmannen i Hordaland har over fleire år styrka dialogen med fylkeskommunene, og vår konklusjon er at vi har ein god strategi for å ivareta rettleiing og informasjon overfor fylkeskommunene og andre samarbeidande partar. I ein særstilling står samarbeidet med kriminalomsorga. Vidare har den årlege samlinga for skuleeigarane blitt ei viktig møteplass for ordsifte og vidare utvikling av området. Dette arbeidet held fram.

Fylkesmannen i Hordaland vurderer at arbeidet med fagnettverket no viser seg å styrke heile området. Den årlege samlinga for fagnettverka har stor oppslutnad og ein ser at det generer godt fagleg utviklingsarbeid som bidreg til å styrke dei særmerkte utfordringane med opplæring innanfor kriminalomsorga.

Det faglege utviklingsarbeidet med IKT og fleksible opplæringsløp er krevjande. Fylkesmannen i Hordaland vurderer at vi har gjort eit godt arbeid i tett samarbeid med kriminalomsorga – eit arbeid som blir lagt merke til langt utover landets grenser.

Fylkesmannen i Hordaland vurderer arbeidet med TAFU til å vere godt og styrka gjennom året. Den eksterne følgjeevalueringa frå AFI viste til gode resultat for prosjektet. Det er no viktig at dei sentrale samarbeidande partar arbeidar i tråd med Prop. 1 2013- 2014 med mål om å etablere TAFU i ordinær drift.

---

<sup>i</sup> <http://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Barnehage-og-opplaring/Oplaring-innan-kriminalomsorga/Styring-av-området1/Fylkesplanar/>